



Noregs vassdrags- og energidirektorat  
Postboks 5091 Majorstuen  
0301 OSLO

Dato: 03.06.2014  
Vår ref.: 2014/14976-2  
Saksbehandlar: jannor  
Dykkar ref.:

## Fråsegn til konsekvensutgreiingsprogram for Fjellhaugen kraftverk i Kvinnherad og Etne kommunar

Vi syner til brev dagsett 26.03.2014 der Hordaland fylkeskommune er beden om å gje fråsegn til SKL Produksjon AS sin melding med framlegg til konsekvensutgreiingsprogram for Fjellhaugen kraftverk i Kvinnherad kommune og Etne kommune i Hordaland.

Fylkesutvalet i Hordaland handsama i møte 20.05.2014 sak PS 110/2014, og gjorde vedtak som vist på neste side.

Saksframlegg vert ettersend pr. e-post.

Gudrun Mathisen  
seksjonsleiar

Jan Nordø  
seniorrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Kopi til:  
Lars Øyvind Birkenes  
Gudrun Mathisen

## Saksprotokoll i fylkesutvalet - 20.05.2014

**Sigbjørn Framnes** gjekk frå som ugild fordi han er styremedlem i Sunnhordland kraftlag AS. Jf. forvaltnings-lova § 6, 1. ledd e.

**Benthe Bondhus** stilte spørsmål om ho var ugild fordi ho er varamedlem i styret for Sunnhordland kraftlag AS. Ho har ikkje delteke i behandlinga av saka i selskapet. Fylkesutvalet vedtok samrøystes at Benthe Bondhus ikkje var ugild, jf. forvaltningslova § 6, 1. og 2. ledd. Bondhus gjekk frå under røystinga.

Det var 14 representantar til stades.

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

### Vedtak

1. Oversiktskart som syner eksisterande kraftverk i området og område med særskilt vern skal vera del av søknaden.
2. Kart med innteikna kraftverk, inntak, vassveg, tilkomstvegar, anleggsvegar, kraftliner, tippar og andre arealinngrep som er naudsynte for å gjennomføra utbygginga, skal vera del av søknaden.
3. Konesjonssøknaden må ha særleg grundig omtale av verneverdiar og verknader for desse.
4. I område der utbygging kan føra med seg skade på natur- og artstypar av stor verdi eller område med potensiale for slike, skal det kartleggjast. Aurebestanden i Vetrusvatna skal ha særleg høg prioritet.
5. Grundig kartlegging og vurdering av konsekvensar for landskap og friluftsliv må vera del av utgreiinga. Fjellområdet mellom Blådalen og Åkrafjorden skal ha særleg høg prioritet.
6. Avbøtande tiltak i høve til fisk, landskap og friluftsliv skal vurderast.
7. Konesjonssøknad skal innehalda fotoillustrasjon som viser nærverknad og fjernverknad av inngrep med varierende vassføring.
8. Området rundt og sør for inntaket ved Krokavatnet er klassifisert både som sårbart fjellområde av stor verdi og inngrepsfritt naturområde av stor verd, samt at det grensar mot ein del av Åkrafjordområdet som er karakterisert som fjordlandskap av stor verdi og bør difor ikkje berørast av utbyggingsplanane.  
  
Bekkeinntak ved Krokavatn må primært trekkjast ut av planen; sekundært må det stillast krav om minstevassføring i bekken. Frå bekkeinntaka frå Verahaugen og Kvanngørðhorga må det stillast krav om minstevassføring om det vert gjeve konsesjon for desse bekkeinntaka.
9. Det skal leggjast kraftkabel frå Fjellhaugen kraftverk gjennom tilkomsttunnell og vidare i grøft til koplingsanlegget ved Blåfalli III slik hovudalternativet skisserer.
10. Som del av søknadsprosessen må fylkeskommunen som kulturminnestyresmakt kontaktast for oppfylling av undersøkingsplikta etter kulturminnelova.
11. Som del av planprosessen må planstatus i høve til kommuneplan avklarast.